



Miljødirektoratet
PB 5672 Sluppen
7485 Trondheim

Vår ref.: 2014/25

Dykkar ref.: 2014/7565

Dato: 11.9.2014

Genmodifisert, sprøytemiddelresistent raps

Søknad EFSA/GMO/NL/2013/119: Raps MON88302xMs8xRf3 frå Monsanto og Bayer CropScience til import, prosessering, mat og fôr under EU-forordning 1829/2003 (første innspelsrunde)

Bioteknologirådet har motteke høyringsbrevet frå Miljødirektoratet datert 30.6.2014, og stiller no spørsmål som vi meiner produsenten bør gjere grundigare greie for før søknaden eventuelt skal sluttbehandlast i Noreg. Etter at produsenten har kommentert spørsmål og merknader frå EU/EØS-landa, ønskjer Bioteknologirådet å få søknaden på ny høyring.

Rapssorten MON88302xMs8xRf3 er genmodifisert til å tole sprøytemiddel med glyfosat eller glufosinat-ammonium.

Genteknologiloven krev at både helse- og miljørisiko, bidrag til berekraftig utvikling, samfunnsnytte og etiske forhold skal vurderast når nokon har søkt om å få godkjent ein genmodifisert plante. Bioteknologirådet har arbeidd med å konkretisere korleis omgrepa berekraft, etikk og samfunnsnytte skal forståast. Vi viser til rapporten *Sprøytemiddelresistente genmodifiserte plantar og berekraft* (Bioteknologinemnda, 2013)ⁱ, der vi mellom anna har formulert spørsmål til dei som søker om godkjenning av genmodifiserte plantar. Bioteknologirådet ber om at produsenten må svare på desse spørsmåla.

I tillegg bør selskapet svare på om denne rapssorten er eit betre alternativ for Noreg enn andre rapssortar som finst på marknaden, og i så fall korfor.

Med helsing

Kristin Halvorsen
leiar

Sissel Rogne
direktør

Saksbehandlar: Audrun Utskarpen, seniorrådgivar

Kopi: Mattilsynet

ⁱ www.bion.no/filarkiv/2013/12/Berekrafttrapport_web.pdf